



NVE  
Noregs vassdrags-  
og energidirektorat

Alver kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

**Vår dato:** 30.09.2022

**Vår ref.:** 202210198-5 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:** 21/9592 - 22/65701

**Sakshandsamar:** Toralf Otnes,  
22959527, toot@nve.no

## **NVE si tilbakemelding - Ny informasjon vedlagt - Dispensasjon for ny bru, veg og parkering på gnr. 185 bnr. 35 - Alver kommune**

Vi viser til brev datert 31.08.2022. Saka gjeld søknad om dispensasjon for ny bru, veg og parkering på gnr. 185 bnr. 35.

NVE har tidlegare gitt fråsegn til dispensasjonssøknaden i brev datert 22.06.2022. Vi skreiv då mellom anna:

Det er ikkje mogeleg å sjå av sakstilfanget om fagkyndige har gjort ei flaumberekning som ligg til grunn for kva kapasitet og utforming bru og sikringstiltak må ha. Vi meiner at eit sikringstiltak må utformast med utgangspunkt i fagkyndige berekningar av dimensjonerande flaumstorleik. Når slike berekningar er gjort må fagkyndige prosjektere tiltaket på ein måte slik at det tek tilstrekkeleg omsyn til ålmenne interesser i vassdraget. Her nemner vi særleg omsynet til kantvegetasjon, jf. vassressurslova § 11, og sjøauren.

De sender no over ny informasjon. Denne informasjonen består av ei enkel side med overvassberekningar. I tredje linje er framtidig flaumsituasjon (200 års flaum + 40 % klimapåslag) berekna til 1250 l/s. Vi reknar med at dette skal svare ut vårt innspel om fagkyndig berekning av dimensjonerande flaumstorleik.

Etter NVE si vurdering er denne dokumentasjonen tynn. I så små felt (0,43 km<sup>2</sup>) er det utfordrande å gjere gode analysar. Vi har nytta NEVINA til å gjere ei flaumberekning for det same nedbørfeltet, noko som gir ein kulminasjonsverdi på 3,2 m<sup>3</sup>/s. Denne verdien kan ikkje nyttast direkte, men er nyttig for å sjå om det er store avvik i høve til den berekna verdien.

Vi vil vise til NVE rettleiar 07/2015, særleg kapittel 6.5 Mikrofelt.



Med helsing

Øyvind Leirset  
Seksjonssjef

Toralf Otnes  
Senioringeniør

*Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.*

**Mottakarar:**  
Alver kommune